

Kommunale avgifter og gebyr – 2021

1 Innhald

1. Teknisk drift	3
1.1. Vatn og avløp 2021	3
1.2. Renovasjonsgebyr 2021	3
1.3. Slamtømming 2021	4
1.4. Feiing 2021	4
1.5. Abonnement på brøyting av private vegar	5
2. Bygg og eigedom	6
2.1. Byggesak	6
2.2. Gebyr for handsaming av plansaker etter plan- og bygningslova	16
2.3. Gebyr for arbeid etter matrikkellova 2020	18
3. Eigedomsskatt	20
3.1. Skattesats	20
4. Oppvekst og kultur	22
4.1. Barnehagar	22
4.2. Skulefritidsordning (SFO)	22
4.3. Kulturskule	23
4.4. Vaksenopplæring	23
4.5. Bibliotek – reglar og prisar for utlån	23
5. Helse og omsorg	25
5.1. Praktisk bistand	25
5.2. Vaktmeisterteneste	25
5.3. Tryggleiksalarm	25
5.4. Betaling for enkelttenester ved Askvollheimen	26
5.5. Korttidsopphald i institusjon	26
5.6. Langtidsopphald i institusjon	26
5.7. Husleige omsorgs- og trygdebustader	26
5.8. Askvoll legesenter	27
6. Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler (LAF)	28
6.1. Gebyr for konsesjons- og delingssaker	28
6.2. Gjødselplanlegging:	28
6.3. Teknisk/økonomisk planlegging:	28
6.4. Fellingsløyve – Hjort	28

7. Festeavgift av gravplassane i Askvoll kommune	28
Andre gebyr	29
7.1. Gebyr sals- og skjenkeløyve	29
7.2. Kopiering, laminering og papir	29
7.3. Rekneskap.....	29
7.4. Alden hamneområde – avgiftsregulativ og sakshandsamingsgebyr	29

1. Teknisk drift

1.1. Vatn og avløp 2021

Alle gebyr er inkl. mva.

TILKNYTNINGSGEBYR		
	Vatn	Avløp
Normal sats bustad/fritidshus	26 605	27 076

ABONNEMENTSGEBYR		
	Vatn	Avløp
Bustad/fritidshus	4 918	3 673

FORBRUKSGEBYR			
		Vatn	Avløp
Målt forbruk			
Einingspris kr/m ³		18,44	17,79
Stipulert forbruk bruksareal (m ²)	Stipulert forbruk (m ³)		
< 100	100	1 844	1 779
101-300	170	3 135	3 024
>300	225	4 149	4 003

1.2. Renovasjonsgebyr 2021

Frå 2021 har Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) teke over all fakturering for renovasjon i kommunen.

Sjå <https://www.sum.sf.no/> for satsar.

1.3.Slamtømming 2021

Alle Frå 2021 har Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) teke over all fakturering for slamtømming i kommunen.

Sjå <https://www.sum.sf.no/> for satsar.

1.4.Feiing 2021

Alle gebyr er inkl. mva.

	Årleg gebyr pr. pipeløp
Årleg	1 159
2. - 3. kvart år	580
4. - 5. kvart år	289
6. kvart år +++	230
Tilsyn kvart 4. år	61

1.5. Abonnement på brøyting av private vegar

Eigarar av private vegar kan tinge brøyting av kommunen.

Den private vegen må vere minst 50 m lang, og vegen må vere i så god stand at han kan brøytast utan fare for utstyr og brøytar.

Før brøytinga tek til vil kommunen/brøytaren kontrollere at vegen har god nok standard. Dersom vegen ikkje kan brøytast slik han er, vil eigaren få tilbakemelding med ein gong.

Ved mykje snøfall vert brøyting av kommunale vegar/plassar og tilkomst til personar med utrykningsberedskap prioritert *før* brøytinga av dei private vegane.

Dersom det er så stor interesse for abonnementsordninga at kommunen får kapasitetsproblem, lyt kommunen prioritere søknadene etter nærare kriterier, og evt. seie nei til einskilde.

Dersom det er fleire brukarar av ein veg, lyt dei gå saman om abonnementet, og stille med *ein* representant overfor kommunen.

Pris for sesongen 2020/2021

Same sats som 2018/2019:

VEGLENGDE:		
50 – 250 m	2345,-	pr. sesong inkl. mva.
250 – 500 m	3945,-	Pr. sesong inkl. mva.

Påmeldinga skal sendast til: Askvoll kommune
Teknisk drift
Postboks 174
6988 ASKVOLL

Påmeldingsskjema: <https://www.askvoll.kommune.no/tenestene/tekniske-tenester/veg-og-trafikk/broyting/>

Til orientering:

Ein veg kan takast opp til kommunal veg dersom den

- Er over 500m. lang
- Er knytt til stasjonær næringsverksemd som sysselset minst 3 personar på heiltid
- Fører til offentlege plassar, større utfartsstadar, friluftsområde, rekreasjonsområde mm.

Ta kontakt med kommunen dersom dette kan vere aktuelt.

2. Bygg og eigedom

2.1. Byggesak

FORSKRIFT OM GEBYR FOR HANDSAMING AV BYGGESAKER I ASKVOLL KOMMUNE.

Vedteken av kommunestyret 17.12.2010 i sak K 056/10 med heimel i lov om planlegging og byggsaksbehandling § 33-1. Inga endring for 2020 jf. KOM-vedtak 063/18

1 Gebyret omfattar.

Gebyret omfattar; sakshandsaming, godkjenning av ansvarsrett, første gongs førehandskonferanse, dokument kontroll, samt tilsyn (stikkprøver) i byggeperioden.
Faktura vert sendt til tiltakshavar.

2. Betalingsplikt.

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr. Gebyret vert sendt tiltakshavar.

3. Tidspunkt for avrekning av gebyr.

Gebyret vert utrekna i høve til det regulativ som gjeld når fullstendig søknad i samsvar med dokumentasjonskrava i byggesaksforskrifta er komen inn til kommunen.

4. Tidspunkt for fakturering.

Når vedtak i samband med søknad om rammeløyve vert gjeve, skal det fakturerast for 75 % av basis gebyr. Dei resterande 25 % vert fakturert etter at igangsettingsløyve vert gjeve. I tillegg kjem 10 % av basisgebyr per igangsettingsløyve utover det første. Gebyr for eventuelle dispensasjonar skal fakturerast når vedtaket er fatta. Beløp under kr. 3000,- skal ikkje delast. Gebyr for eit-trinnsøknad skal fakturerast etter at igangsettingsløyve er gjeve.

5. Elektronisk innsendt søknad

Alle byggesøknader som vert levert inn komplett via byggsøksystemet får ein reduksjon i basisgebyret på 10 %. For å bli rekna som komplett innlevert sak skal alle naudsynte vedlegg i saka følgje søknaden i byggsøk-systemet og vere i PDF-format.

6. Kombinerte bygningar.

Har bygningen fleire funksjonar, vert gebyret rekna etter høgaste gebyrklasse.

7. Mellombelse bygningar.

Ved mellombelse bygningar skal det betalast fullt gebyr etter den kategori bygget fell inn under.

8. Tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar.

Ved tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar reknast gebyret etter høgaste tiltaksklasse.

9. Bruksendring

Ved bruksendringar der det ikkje vert gjort ombygging skal det betalast 25 % av basisgebyret. Ved bruksendring der det vert gjort ombygging, skal det betalast etter satsane for ombygging for den kategori bygget skal nyttast til.

10. Anna arbeid.

For anna arbeid der det ikkje er faste gebyr og for arbeid som skal godkjennast etter medgått tid, skal det brukast ein timesats på kr 810,-.

11. Utvida kontroll.

Kommunen kan engasjere særskilt organ til kontroll av: prosjektering, utføring eller kontroll av statiske berekningar, ventilasjonsanlegg, brannokumentasjon m.m. Slik kontroll må tiltakshavar betale direkte til utførande etter medgåtte utgifter. Desse utgiftene kjem i tillegg til satsane i dette regulativet.

12. Avslag

Når vedtak på søknad medfører avslag skal det betalast 50 % av basisgebyr. Ved avslag på søknad om ansvarsrett og søknad om dispensasjon skal det betalast fullt gebyr.

13. Tilsyn

Gebyr for tilsyn i medhald av lova er innrekna med 12% i betalingssatsane.

14. Tiltak som er ulovleg sett i gang

Dersom eit arbeid vert sett i gang utan at løyve er gitt eller at søknad er sendt inn, skal det på grunn av kommunen sine meirutgifter til sakshandsaming betalast dobbelt gebyr.

15. Urimeleg gebyr.

Om storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeid og dei kostnader kommunen har hatt med saka, eller gebyret er urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsette passende gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.

16. Høve til å klage.

Gebyrfastsetting i den enkelte sak kan ikkje påklagast. Kommunen si avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

17. Meirverdiavgift.

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift i tillegg til gebyr for tenester etter gebyrregulativet med unntak av gebyr etter medgått tid.

18. Regulering av gebyrsatsane.

Endring av gebyrsatsane i medhald av denne forskrifta vert fastsett av kommunestyret i samband med årleg budsjettvedtak. Justering skal skje med verknad frå 1. januar kvart år. Satsane skal avrundast til nærmaste kr 10,-

19. Satsar for byggesakshandsaming.

Satsane for handsaming i byggesaker jfr § 20-1 plan- og bygningslova framgår av vedlagde tabell (på neste side)

Gebyrregulativ for byggesakshandsaming 2021

Gebyrregulativ for byggesakshandsaming 2021			
01. BUSTADER (Bygningskodar i Matrikkelen i parantes)	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Basisgebyr:			
a) Einebustad/våningshus (111, 113)	8 490,-		
b) Einebustad med hybel/sokkelhusvære (112)	8 490,-	9 700,-	
c) Tomannsbustad, vertikaldelt og horisontaldelt (121-124)	10 920,-	12 130,-	
d) Rekkehus, einebustad i kjede, terrassehus, andre (131-136) pr eining	6 070,-	7 280,-	
e) Bygning på to etasjar med fire eller fleire bueiningar pr eining (141)	6 070,-	7 280,-	
f) Tilbygg, påbygg og ombygging < 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal. Gjeld pkt. a -e.	2 430,-	3 640,-	
Tilbygg, påbygg og ombygging > 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal Gjeld pkt. a- e.	4 240,-	6 070,-	
h) Store boligbygg (142-146)		30 320,-	51 980,-
i) tilbygg og påbygg < 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. h.	2 430,-	3 640,-	
tilbygg og påbygg > 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. h.	4 240,-	6 070,-	
j) ombygging < 50 % av totalt areal, pkt. h.	8 490,-	14 550,-	
ombygging > 50 % av totalt areal (hovedombygging), pkt. h.	14 550,-	20 620,-	
ANDRE TILTAK PÅ BUSTAD-, FRITIDS-/NÆRINGSEIGEDOM	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Fasadeendring/skifting av vindauge (pr. fasade)	610,-	1 220,-	

Støttemurar	850,-	1 220,-	
Innhegning/gjerde/støyskjerm	850,-	1 220,-	2 430,-
Brygger/flytebrygger	850,-	1 220,-	2 430,-
§ 30-4 i pbl - vesentlege terrenginngrep, graving, fylling, sprenging, veg og P-plass m.v.	850,-	1 220,-	2 430,-
Skilt/reklame.	850,-		
Større skiltplan	1 220,-		
§ 28-6 i pbl - basseng, brønn og dam.	1 220,-	2 430,-	4 850,-
§ 20-1 f) i pbl – tekniske installasjonar (td fyrings- og ventilasjonsanlegg).	1 220,-	2 430,-	4 450,-

02. ANDRE NYBYGG	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Basisgebyr:			
a) Garasjer/uthus/naust (181-183) < 70 m ² bruttoareal eller samla bruksareal	2 430,-	3 640,-	
b) Garasjer/uthus/naust (181-183) > 70 m ² bruttoareal eller samla bruksareal	3 640,-	4 850,-	6 070,-
c) Andre	2 430,-		
d) Fritidsbustad (161-163)	7 280,-		
e) Seterhus, sel, rorbu skogs- og utmarskoie (171,172)	3 030,-		
f) Tilbygg og påbygg < 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. a – e	2 430,-	3 640,-	
Tilbygg og påbygg > 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. a - e	3 640,-	4 850,-	
g) Varige konstruksjonar og anlegg, kai, molo m.m.	3 030,-	6 070,-	12 130,-
03. INDUSTRI- OG LAGERBYGNING	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Basisgebyr:			
a) Fabrikbygning (211)	14 550,-	24 260,-	48 510,-
b) Verkstadbygning (212)	14 550,-	24 260,-	48 510,-
c) Andre industribygg (219)	6 070,-	8 490,-	16 980,-
d) Lagerhall, kjøle- og fryselager, silobygning (231-233)	6 070,-	8 490,-	16 980,-
e) Tilbygg, påbygg og ombygging < 100 m ² , pkt. a - d	3 030,-	6 070,-	
...> 100 m ² <500 m ²	6 070,-	8 490,-	16 980,-

> 500 m ²	12 130,-	18 200,-	30 320,-
04. KONTOR-, FORRETNINGS- ELLER ANDRE NÆRINGSBYGG	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Basisgebyr:			
a) Kontorbygg og administrasjonsbygg (311-313)	14 550,-	24 260,-	48 510,-
b) Varehus og andre butikkbygg (321, 322, 329, 330)	14 550,-	24 260,-	48 510,-
c) Ekspedisjonsbygg og terminalar (411-416)	14 550,-	24 260,-	48 510,-
d) Garasje, hangar, veg – og trafikktilsynsbygning(431 - 449)	6 070,-	12 130,-	24 260,-
f) Bensinstasjon (323)	12 130,-	18 200,-	30 320,-
g) Anna bygg for kontor, forretning eller samferdsle (319, 419)	11 420,-	17 140,-	22 850,-
h) Tilbygg og påbygg < 100 m ² , pkt. a - g	3 030,-	6 070,-	-
> 100 m ² <500 m ²	6 070,-	8 490,-	
> 500 m ²	12 130,-	18 200,-	30 320,-
i) ombygging < 50 % av totalt areal	3 030,-	6 070,-	
j) ombygging > 50 % av totalt areal (hovedombygging)	6 070,-	8 490,-	12 130,-
05. HOTELL OG RESTAURANTBYGG	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Basisgebyr:			
a) Hotell, motell (511, 512)	24 260,-	36 380,-	54 580,-
b) Andre bygg for overnatting (521-529)	14 550,-	24 260,-	48 510,-

c) Restaurant, kafebygning	12 130,-	18 200,-	30 320,-
d) tilbygg og påbygg < 100 m ² , pkt. a – c	3 030,-	6 070,-	
> 100 m ² <500 m ²	6 070,-	8 490,-	12 130,-
> 500 m ²	12 130,-	18 200,-	30 320,-
e) Ombygging < 50 % av bygningen	6 070,-	8 490,-	12 130,-
f) Ombygging > 50 % av bygningen (hovedombygging)	12 130,-	18 200,-	30 320,-
06. BYGG FOR OFFENTLEGE OG PRIVATE TENESTER	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Basisgebyr:			
a) Bygg for undervisning/forskning (613-616)		24 260,-	48 510,-
b) Aldersheim og sjukeheim (721)		30 320,-	54 580,-
c) Barnehagar (611, 612)	12 130,-	24 260,-	48 510,-
d) Bu- og behandlingssenter (722, 723)	12 130,-	24 260,-	48 510,-
e) Kyrkjer (671)		24 260,-	48 510,-
f) Samfunnshus/forsamlingshus/bedehus (662)	12 130,-	18 200,-	30 320,-
g) Teater/kinobygg		24 260,-	48 510,-
h) Idrettsbygg (651-653)		24 260,-	48 510,-
i) Garderobebygg, helsestudio(654, 655)	12 130,-	18 200,-	30 320,-
j) Andre bygg (629, 649, 659, 669, 679)	6 070,-	8 490,-	12 130,-

k) tilbygg og påbygg < 100 m ² , pkt. a – j	3 030,-	6 070,-	
> 100 m ² < 500 m ²	6 070,-	8 490,-	12 130,-
> 500 m ²	12 130,-	18 200,-	30 320,-
l) ombygging < 50 % av totalt areal	6 070,-	8 490,-	12 130,-
m) ombygging > 50 % av totalt areal	12 130,-	18 200,-	30 320,-
07. BYGG FOR JORDBRUK FISKE OG FANGST	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Basisgebyr:			
a) Driftsbygning hus for dyr/landbrukslager/silo (241)	6 070,-	8 490,-	12 130,-
b) Andre (243-249)	3 030,-	4 040,-	6 070,-
c) Tilbygg og påbygg < 100 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. a- b	1 820,-	3 470,-	
> 100 m ² < 1000 m ²	3 030,-	4 040,-	6 070,-
> 1000 m ²	12 130,-	13 860,-	16 980,-
d) ombygging < 50 % av totalt areal	3 030,-	4 040,-	6 070,-
e) ombygging > 50 % av totalt areal	6 070,-	8 090,-	12 130,-
08. REVIDERTE TEIKNINGAR OG TILLEGGSSØKNADER (mindre endringar)			
Basisgebyr:	610,-		
Det skal bereknast gebyr tilsvarende 20 % basisgebyr for den enkelte bygningstypen og tiltaksklassen, men ikkje mindre enn 500,-			

09. FORNYING AV BYGGELØYVE			
Fornyning av løyve skal reknast som ny sak			
10. RIVING	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Gebyr pr. bygning	610,-	2 310,-	8 490,-
11. DISPENSASJONSSØKNADER - gebyr for kvart enkelt tilhøve.	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
1. Dispensasjon frå føremål, omsynssone i godkjent plan og frå § 1-8 i pbl	4 850,-		
2. Andre dispensasjonar td utnytting, plassering, etasjetal, høgde osv	2 430,-		
12. UTOMHUSPLANAR/OPPARBEIDING (pr. plan)			
< 5000 m ²	1 220,-		
> 5000 m ²	1 820,-		
13. FØREHANDSKONFERANSE	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
1. gangs førehandskonferanse er med i basisgebyret			
2. gangs førehandskonferanse og seinare førehandskonferanse	1 220,-	2 310,-	3 640,-
14. GODKJENNING AV FØRETAK FOR ANSVARSRETT:			
Godkjenning av føretak med sentralgodkjenning er med i basisgebyret			
Lokal godkjenning av føretak utan sentral godkjenning.	1 220,-		
Sjølvbyggjar - kun eigen bustad/ garasje/ uthus m.m på eigen eigedom.	1 820,-		
15. SØKNAD OM TILTAK UTAN ANSVARSRETT ETTER § 20-2 I PBL			

§ 20-2 a) mindre tiltak på bebygd eiendom	2 430		
§ 20-2 b) alminnelege driftsbygningar i landbruket.	2 430		
§ 20-2 c) mellombelse bygningar, konstruksjonar og anlegg	2 430		
16. OVERTREDELSESGEBYR			
Gebyr vert fastsett i samsvar med kap 16 i byggesaksforskrifta			

2.2. Gebyr for handsaming av plansaker etter plan- og bygningslova

Vedteken av Askvoll kommunestyre 30.09.13 i sak KOM 091/13 med heimel i lov av 27.06.2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) §33-1.

1. Føremål

Forskrifta gjeld betaling for tenester som kommunen skal syte for vert utførte i medhald av plan- og bygningslova kap. 12 om reguleringsplanar og kap. 19 om dispensasjon.

Gebyra skal dekke kommunen sine kostnader med tenesta (sjølvkostprinsipp).

2. Betalingsplikt.

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr. Faktura vert sendt til tiltakshavar/forslagsstillar.

3. Reguleringsplan

For privat framlegg til reguleringsplan (detaljregulering), jfr. pbl §12-3 og §12-11, og endring/oppheving av reguleringsplan, jfr. pbl §12-14, 1. ledd, skal det betalast gebyr som følgjer:

Enkel plan	Vanleg plan	Komplisert plan
12.000,-	30.000,-	50.000,-

Kommunen fastset plantype/sats som skal nyttast i samsvar med definisjonane under.

Enkel plan:

Planframlegg i samsvar med overordna plan, og med få og små uavklarte tilhøve og konflikter iht. gjeldande plan(ar), natur, landskap, kulturminne, friluftsliv eller nabotilhøve. Mindre reguleringsplan, jfr. pbl §12-12, 2. ledd, går inn under dette. Endring av reguleringsplan der dei fleste avklaringar allereie er gjort i vedteken plan, og der hovudtrekka i planframlegget er som i vedteken plan, går òg under dette. Dersom endringsframlegget føreset avklaringar på lik line med handsaminga av ein ny plan, skal gebyrsatsen for vanleg plan nyttast.

Vanleg plan:

Planframlegg med ein del uavklarte tilhøve/konflikter, "gjennomsnittsplan" – gjennomsnittleg planfagleg/planteknisk vanskegrad. Planframlegg som ikkje går inn under "enkel plan" eller "komplisert plan" går inn under dette.

Komplisert plan:

Planframlegg som medfører krav om planprogram/konsekvensutgreiing, jfr. pbl §4-1 og §4-2, dvs. framlegg i strid med overordna regelverk, plan eller offentleg vedtak, planframlegg med mange samansette arealkonflikter og behov for avklaringar.

4. Mindre reguleringsendring

For mindre endring av reguleringsplan, jfr. pbl. §12-14, 2. ledd, skal det betalast eit gebyr tilsvarande kr. 8 000,-.

5. Forlenging av planvedtak

For forlenging av planvedtak med inntil 2 år om gangen, jfr. pbl §12-4, skal det betalast eit gebyr tilsvarande *kr. 4 000.-*.

6. Oppstartmøte/råd om regulering

I saker der oppstartmøte vert halde, jfr. pbl §12-8, men det ikkje kjem inn planforslag til handsaming innan rimeleg tid, vert det fakturert *kr. 4 000,-* for avholdt oppstartmøte mm. Med rimeleg tid vert rekna om lag eitt år frå kommunen har gjeve signal om at dei ikkje har merknader til at planarbeidet vert sett i gang.

7. Dispensasjon

Ved søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen/kommunedelplan eller frå reguleringsplan, jfr. pbl §19-2, og/eller frå 100m-beltet langs sjø og vassdrag, jfr. pbl §1-8, skal det betalast eit gebyr tilsvarande *kr. 7 000.-*.

8. Tidspunkt for avrekning av gebyr.

Gebyret vert fastsett i høve til dei satsane som gjeld på det tidspunktet fullstendig planforslag/søknad i samsvar med dokumentasjonskrav i lov og forskrifter er motteke av kommunen. Ved avbroten plansak/dispensasjonssak, jfr. pkt. 10, vert gebyret fastsett etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet saka vert avslutta.

9. Tidspunkt for fakturering.

Gebyr for private framlegg til reguleringsplan eller endring av slik plan, skal fakturerast etter førstegongshandsaming i kommunen, jfr. pbl §12-11. Plansaka vert ikkje teke opp til handsaming etter offentleg ettersyn (andregongshandsaming), jfr. pbl §12-12, før gebyret er innbetalt. Gebyr for mindre endringar av reguleringsplan, for forlenging av planvedtak med inntil 2 år om gangen, og for søknad om dispensasjon, skal fakturerast når vedtaket er fatta, jfr. pbl §12-14, 2. ledd, §12-4 og §19-2.

10. Avbroten plansak/dispensasjonssak

Gebyr skal avreknast som del av fullt gebyr i høve til det tidspunktet saka vert avbroten/trekt. Kommunen fastset eit passende gebyr tilsvarande det arbeidet/kostnadene kommunen har hatt. Jfr. òg pkt. 6 om fakturering for avholdt oppstartmøte, der kommunen ikkje mottek planframlegg i rimeleg tid.

11. Avslag.

Når kommunen avviser eit planframlegg eller gjev avslag på søknad om dispensasjon skal det betalast fullt gebyr.

12. Urimeleg gebyr.

Om storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt med saka, eller gebyret er urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsette passende gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.

13. Høve til å klage.

Gebyrfastsetting i den enkelte sak kan ikkje pålagast, då dette berre er ei oppfølging av regulativet. Kommunen si avgjerd om fastsetting av passende gebyr, jfr. pkt. 12 om urimeleg gebyr, kan pålagast etter reglane i forvaltningslova (enkeltvedtak).

14. Meirverdiavgift.

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift i tillegg til gebyr for tenester etter gebyrregulativet.

15. Regulering av gebyrsatsane.

Endring av gebyrsatsane i medhald av denne forskrifta vert fastsett av kommunestyret i samband med årleg budsjettvedtak. Justering skal skje med verknad frå 1. januar kvart år. Satsane skal avrundast til næraste kr. 10,-.

16. Ikraftsetting.

Forskrifta tek til å gjelde frå 1. november 2013.

2.3. Gebyr for arbeid etter matrikkelova 2020

Forskrifta vart vedtatt i kommunestyret 19.04.2010 i sak K 10/10, og vert gjeldande frå 01.05.2010
Gebyr for arbeid etter matrikkelova, med heimel i matrikkelova § 32 og matrikkelforskrifta § 16, vert fastsett slik:

1. OPPRETTING AV MATRIKKELEINING		
1.1 Oppretting av grunneigendom		
	areal frå 0 – 500 m ²	12 915,-
	areal frå 501 – 2000 m ²	15 495,-
	areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da.	1 290,-
	Oppretting av punktbeste	12 915,-
Der markarbeid ikkje er påkrevd, utløyser det halvt gebyr.		
For større samanhengande areal (til dømes landbruksareal, reguleringsplanområde) skal det betalast etter medgått tid, minstesats er kr 18 895,-		
1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn		
	areal frå 0 – 500 m ²	6 455,-
	areal frå 501 – 2000 m ²	7 745,-
	areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da.	645,-
1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon		
Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon:		
	areal frå 0 – 500 m ²	6 455,-
	areal frå 501 – 2000 m ²	7 745,-
	areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da.	645,-
1.4 Oppretting av anleggseigedom		
Gebyr for oppretting av grunneigedom		
	volum frå 0 - 2000 m ³	15 495,-
	volum frå 2001 m ³ – auke pr. påbegynt da.	1 290,-
1.5 Registrering av jordsameige		
Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid		
2 OPPRETTING AV MATRIKKELEINING UTAN FULLFØRT OPPMÅLINGSFORRETNING		
Viser til 1.1, 1.2, 1.4 og 1.5. I tillegg kan det kome tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning.		

2.1 Avbrot i oppmålingsforretninga eller matrikuleringa		
Ein skal bruke 1/3 av gebyrsatsane etter pkt.1, dersom saka blir trekt før ho er gjort ferdig eller at saka blir avvist eller at ein ikkje kan matrikkelføre ho på grunn av endringar i heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan gjera ho ferdig.		
3 GRENSEJUSTERING		
3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige		
Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. Maksimalgrensa er satt til 500 m ² . Ein kan ikkje frådele areal frå ein eigedom som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklassar gjelde.		
	Areal frå 0 – 500 m²	7 745,-
3.2 Anleggseigedom		
For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomen sitt volum, den maksimale grensa er satt til 1000 m ³		
	Volum frå 0 – 1000 m³	7 745,-
4 AREALOVERFØRING		
4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige		
Ved arealoverføring skal ein gjennomføre oppmålingsforretning og tinglysing. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.		
	Areal frå 0 – 500 m²	12 915,-
Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ² fører med seg auke av gebyret på kr 1 290,-		
4.2 Anleggseigedom		
For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande volum.		
	Volum frå 0 – 500 m³	12 915,-
volumoverføring pr nytt påbegynt 500 m ³ fører med seg auke av gebyret på kr 1 290,-		
5 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA TIDLEGARE ER KOORDINATBESTEMT VED OPPMÅLINGSFORRETNING		
	For inntil 2 punkter	3 875,-
	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	385,-
6 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA IKKJE TIDLEGARE ER KOORDINATBESTEMT / ELLER KLARLEGGING AV RETTAR		
	For inntil 2 punkter	6 455,-
	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	645,-
Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.		
7 PRIVAT GRENSEAVTALE		
	For inntil 2 punkter eller 100 m grenselengd	3 875,-
	For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengd	385,-
Alternativt kan gebyr fastsettast etter medgått tid.		

8 TIMEPRIS FOR MEDGÅTT TID		
Gebyr for oppmålingsarbeid som ikkje kan fastsettast ut frå satsane over skal reknast ut etter medgått tid. timepris kr 905,-		
9 URIMELEG GEBYR		
Dersom gebyret openbart er urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan rådmannen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit passende gebyr. Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngeve søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.		
10 BETALINGSTIDSPUNKT		
Gebyret skal krevjast inn forskotsvis.		
11 FORANDRINGAR I GRUNNLAGET FOR MATRIKKELFØRING AV SAKEN		
Dersom rekvierten i løpet av saka gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert gebyret oppretthalde.		
12 UTSKRIVING AV MATRIKKELBREV		
	Matrikelbrev inntil 10 sider	175
	Matrikelbrev over 10 sider	350
	Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.	
13 TIDSFRIST FOR GJENNOMFØRING AV SAKER		
Dersom kommunen ikkje held fristen for oppmålingsforretning eller matrikkelføring, skal gebyret avkortast etter reglene i §§ 18 og 19 i forskrift om eigedomsregistrering. Avkortning av gebyr gjeld ikkje for utskrivning av matrikelbrev, jamfør 4. ledd. Dersom kommunen krev forskotsbetaling, skal avkorta gebyr tilbakebetalast så snart fristane er utgått. Fristane gjeld ikkje i perioden 15. desember til 15. mars i Askvoll kommune.		
14 BETALINGSVILKÅR		
<ul style="list-style-type: none"> - Betaling skjer etter det regulativ som gjeld på rekvisisjonstidspunktet. Dersom den som rekvirerer ynskjer å utsetje oppmålingsforretninga, vert gebyr rekna etter satsane det året oppmålinga blir gjort. - Tinglysingsgebyr og eventuelle dokumentavgifter etter gjeldande sats blir lagt til gebyret. - Meirverdiavgift vert ikkje rekna ved oppkrevjing av gebyra (jamfør skattedirektørens rundskriv av 6. mars 1970 til skatteinspektørane). - Gebyrregulativet blir indeksregulert automatisk kvart år i samsvar med Statens kartverk sin indeks for kart-og oppmålingsarbeider, første gang 01.01.2011. Unntaket er gebyr etter punkt 12 som vert regulert av Statens kartverk. 		

3. Eigedomsskatt

3.1. Skattesats

I medhald av eigedomsskattelova (eskl.) §§2 og 3 pkt. a) vert det skrive ut eigedomsskatt på «alle faste eigedomar i heile kommunen». Det vert skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med to sjuandedelar i 2020 (Overgangsregel til ekstl. §§3 og 4, fyrste ledd fyrste punkt.)

Den generelle skattesatsen vert 4 promille. Satsane differansierast med at bustad- og fritidseigedomar skal ha ein sats på 3 promille, jf. Esktl. § 12 bokstav. For særskilte skattegrunnlag vert skattesatsen 4 promille.

Det vert fastsett 6 terminar for betaling av eigedomsskatten etter esk. § 25

Vedtekter for fastsetjing av eigedomsskatt i Askvoll kommune, vedtekne i kommunestyre 25.06.14 KOM 048/14 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jfr. Esktl §10

I medhald av esk. vert det gjeve fritak for visse eigedomar etter:

a) Eskl. § 7 pkt. a) – bustader og eigedomar som tek sikte på å gagne ein kommune,

stat eller fylke, som t.d. er eigd av ideelle stiftingar og bygningar som vert drivne av lag og organisasjonar. Dette gjeld følgjande gnr./brnr.:

Gnr/ Bnr / fnr	Namn
12/22/0	Stongfjorden Arbeidsstove
204/25/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/26/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/61/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/66/0	Holmedal Idrettslag
205/110/0	Holmedal Båtlag
205/111/0	Holmedal Båtlag
205/112/0	Holmedal Båtlag
205/113/0	Holmedal Båtlag
205/114/0	Holmedal Båtlag
205/67/0	Holmedal Bygdehus
219/5/0	Rivedal Bygdelaag
22/1/1	Askvoll Samfunnshus
23/51/0	Askvoll Småbåtlag
23/76/0	Askvoll og Holmedal Idrettslag
30/24/0	Olset Bedehus
30/30/0	Olset Småbåtlag
30/55/0	Askvoll Småbåtlag
40/7/0	Kumle Bedehus
42/38/0	Sauesund Båtlag
47/4/0	Høyvik Grendalag
51/21/0	Atløy Kulturhus
51/28/0	Atløy Idrettslag
51/33/0	Atløy Idrettslag
51/9/0	Leirvåg Bedehus
56/22/0	Herland Grendalag
60/163/0	Værlandet Vel
60/213/0	Værlandet Vel
60/214/0	Værlandet Vel
60/43/0	Værlandet Bedehus
60/65/0	Vidar Ungdomslag
60/69/0	Værlandet Idrettslag
64/5/0	Bulandet Ungdomslag
67/12/0	Bulandet Idrettslag (kun tomt)
70/8/0	Fiskarheimen Bulandet
86/43	Allaktivitetshuset
86/45	Kvammen Båtlag
86/50	Høgdatun Bustadstiftelse
96/16/0	Flokenes Grendahus

Eventuelle andre aktuelle eigedomar som kan komme inn under §7 pkt a vil bli vurdert etter søknad.

Eskl. § 7 pkt. b) – bygningar som har historisk verdi:
Formelt freda bygg får fritak etter følgjande liste:

Namn	Bygning	Gnr og Bnr	Bygningsnr
Vilnes Kyrkje	Kyrkje	54/9	177596434
Holmedal Kyrkje	Kyrkje	205/6	177617482
Bustadhus Ringstad	Einebustad	26/3	177631353
Geita Fyr	Fyrstasjon losstasjon	60/10	177633968
Geita Fyr	Einebustad	60/10	177633941
Geita Fyr	Hus for dyr/landbr.lager/silo	60/10	177633925
Geita Fyr	Annen lagerbygning	60/10	177633933
Geita Fyr	Driftsb. Fiske/fangst/oppdr	60/10	177629839

- c) Eskl. § 7 pkt. c) – nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta som bustad og husvære rehabiliterte for minimum NOK 750.000,- i løpet av tre år med ferdigstilling av bustad tidlegast 1.1.2015 vert fritaken for eigedomsskatt i 10 år.
- d) Det vert ikkje gjeve fritak etter Eskl. § 7 pkt. d) – einskilde lutar av kommunen. Fritak for å betale eigedomsskatt under dette budsjettvedtak pkt. c gjeld berre inntil kommunestyret sjølv endrar eller opphever fritaka.
Ved utskriving av skatt på bustadeigedomar nyttar kommunen Skatteetatens formuesgrunnlag der desse ligg føre. (eskl. §8 A4)

4. Oppvekst og kultur

4.1. Barnehagar

BETALINGSSATSAR I BARNEHAGE PR. 01.01.2021

BARNEHAGE	TYPE PLASS	BETALINGSSATS PR. MÅNAD
Røverompa barnehage og Holmedal barnehage (48 v. pr. år)	100 %	3.230
	80 %	2.907
	60 %	2.261
	40 %	1.615
Bulandet, Gjelsvik, Nipa og Stongfjorden barnehagar (47 v. pr. år)	100 %	3.163
	80 %	2.846
	60 %	2.214
	40 %	1.581

30 % søskenmoderasjon for born nr.2 og 50 % for barn 3 eller fleire.

Dagsats for kjøp av ekstra dagar (uansett tal timar): kr. 210,- pr. dag

Gebyr ved for seint henta barn: kr 158 for kvar påbegynt halvtime etter ordinær stengetid.

I alle barnehagane kjem matpengar og/eller frukt- og mjølkepengar i tillegg.

4.2. Skulefritidsordning (SFO)

BETALINGSSATSAR I SFO PR. 01.01.2021		
TILBOD		BETALINGSSATS
A	21 – 26 timar pr. veke	Kr. 2.633 pr mnd
B	16 – 20 timar pr. veke	Kr. 2.232 pr mnd

C	11 – 15 timar pr. veke	Kr. 1.717 pr mnd
D	0 – 10 timar pr. veke	Kr. 1.258 pr mnd

Vekesats; kr. 1.144 pr veke for tilbod i feriar (sommar-, haust- og vinterferie)

Ekstratimar: kr. 57 pr time

Syskenmoderasjon: 30% for 2. barn og 50% for 3. og fleire barn.

Betaling er pr. månad i 10 månader i skuleåret. Betaling for sommar-, haust- og vinterferie kjem i tillegg.

Gebyr ved for seint henta barn; kr. 172,- for kvar påbegynt halvtime etter ordinær stengetid.

4.3. Kulturskule

BETALINGSSATS I KULTURSKULEN PR. 01.01.2021				
TILBOD	INNTIL 18 ÅR		OVER 18 ÅR	
		dobbeltime		dobbeltime
Individuelle timar (20 min)	1.675 pr semester	3.350 pr. semester	2.411 pr semester	4.823 pr. semester
Gruppetimar (45 min)	1.675 pr semester		2.411 pr semester	

Søskenmoderasjon/deltaking i fleire undervisningstilbod: 25% (frå og med barn/aktivitet nr.2)

DIVERSE:

Instrumentleige	650,- pr år
-----------------	-------------

4.4. Vaksenopplæring

Undervisning	50,- pr time
--------------	--------------

4.5. Bibliotek – reglar og prisar for utlån

UTLÅNSREGLAR FOR ASKVOLL BIBLIOTEK (UUV-036/06)

1. Lånerett - lånetid

Alle har rett til å låne på biblioteket gratis.

Biblioteket har bøker, oppslagsverk, tidsskrift, lyd bøker, storskriftbøker, video, språkkurs og musikk.

Det meste av materialet kan lånast heim.

Lånetida er normalt 4 veker.

2. Lånekort.

Alle kan få lånekort frå fylte 6 år. Born under 10 år må ha foreldre eller føresette si underskrift. Born under skulealder må låne på foreldra sitt lånekort.

3. Tinging av bøker

Ynskjer du å låne ei bok som er utlånt, kan du verte oppført på venteliste. Du får melding når boka kan hentast.

4.Lån frå andre bibliotek

Bøker som ikkje finst i biblioteket si samling, kan i dei fleste høve lånast frå andre bibliotek.

5.Utdanning, studie og kurs

Biblioteket står til teneste med å skaffe faglitteratur om ulike emne. Best hjelp får du om du tek kontakt med biblioteket ei tid før du treng litteraturen.

6.Litt om dine plikter

Det du låner er du ansvarleg for. Tapt eller øydelgt materiale må erstattast.

Vi ber deg passe på lånetida slik at andre og kan ha høve til å lese bøkene. Bøker det ikkje er venteliste på kan du få forlenga lånetid for.

7. Purring

Bøker som ikkje er levert til avtalt tid, vert purra. Det er eit purregebyr på kr. 10.00 på 1.brev, kr.20.00 på 2.brev. Etter 2.varsel vert det sendt rekning.

Pris pr. bok vert vurdert. Høgste pris er kr. 300.00

Lånaren kan misse retten til å låne dersom reglane ikkje vert følgde.

REGLAR FOR UTLÅN AV VIDEO

1. Alle videoutlån er gratis

2. Alt utlån av video skal registrerast. Alle som har lånekort, kan få låne video.

Frå fylte 10 år kan born kvittere for videolån. Aldersgrensa som er trykt på filmene vert handheva.

3. Utlånstida er ei veke.

Ved for sein innlevering vert det eit straffegebyr på kr. 20. 00 pr. dag

4. Lånaren kan låne 2 filmar om gongen.

5. Lånaren er personleg ansvarleg for lånte videoar.

6. Lånaren kan som regel få reservere videoar som er utlånt.

7. Videoane skal handsamast forsiktig. Feil ved filmar må meldast frå om til biblioteket.

8. Det er forbode å kopiere videogramma.

9. Ein kan ikkje bruke videogramma for framsyning i andre samanhengar enn dei som er opplyste på kassetten.

5. Helse og omsorg

5.1. Praktisk bistand

Kommunestyret i Askvoll kommune har i sak 103/20 den 16.12.2020 vedteke følgjande satsar gjeldande frå 01.01.2021:

ALLMENN INNTEKT PR ÅR	TIMESATS PR MND	ABONNEMENT PR MND	MERKNADAR
Inntil 2 G kr 202 702	Ingen time-sats	210,-	Sats for abonnement inntil 2G, skjer etter dei til ei kvar tid gjeldande lover/føresegner som vert fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet
Frå 2 til 3 G Inntil kr 304 053	kr 227,-	kr 1 278,-	Dei som mottek hjelp ytt etter §4-2 som ikkje gjeld eigenomsorg betalar kr 227,- pr time til og med 5 timar. Frå og med 6 timar gjeld abonnement.
Frå 3 til 4 G Inntil kr 405 404	kr 252,-	kr 1 909,-	Dei som mottek hjelp ytt etter §4-2 som ikkje gjeld eigenomsorg betalar kr 252,- pr time til og med 7 timar. Frå og med 8 timar gjeld abonnement.
Frå 4 til 5 G Inntil kr 506 755	kr 277,-	kr 2 548,-	Dei som mottek hjelp ytt etter §4-2 som ikkje gjeld eigenomsorg betalar kr 277,- pr time til og med 9 timar. Frå og med 10 timar gjeld abonnement.
Over 5 G Over kr 506 755	kr 303,-	kr 3 183,-	Dei som mottek hjelp ytt etter §4-2 som ikkje gjeld eigenomsorg betalar kr 303,- pr time til og med 10 timar. Frå og med 11 timar gjeld abonnement.

G = Grunnbeløpet i folketrygda. 1 G er no kr 101 351,- Satsane vert regulert pr 1. mai kvart år.

5.2. Vaktmeisterteneste

For vaktmeisterteneste er timepris kr 232,- uavhengig av inntekt.

5.3. Tryggleiksalarm

Brukar som har tryggleiksalarm betalar kr 306,- pr. måned. (utan brannalarm)

Nye tryggleiksalarmar som no vert monterte, vil ha brannalarm, Satsen er kr. 332,- pr. måned

Brukar må ha installert overspenningsvern i huset for å unngå unødige reparasjonar ved lynnedslag. Elles må brukar sjølv betale kostnad ved reparasjon av alarm.

5.4. Betaling for enkelttenester ved Askvollheimen

Middag m/suppe eller dessert kr 80,-
Middag u/suppe eller dessert kr 66,-
Frukost/kvelds kr 38,-
Prisane gjeld for brukarar, pårørande og tilsette innan pleie- og omsorgsetaten.

Matombringning kr 97,- pr. stor porsjon
kr 65,- pr. liten porsjon
kr. 41,- graut/suppe m.m

Frisørteneste: Gratis klipp ved langtidsopphald. Andre tenester etter frisøren sine takster.

5.5. Korttidsopphald i institusjon

Betaling for korttidsopphald og dag-/nattopphald på Askvollheimen, skjer etter dei til ei kvar tid gjeldande lover/føresegner som vert fastsett i Helse- og omsorgsdepartementet. Korttidsopphald for tida kr 175,- pr døgn.

Dagopphald heimebuande demente kr. 175,- pr. dag.

5.6. Langtidsopphald i institusjon

For bebuarar som har langtidsopphald på Askvollheimen vert "Forskrift om vederlag for opphald i institusjon" følgde. Fribeløp er kr. 9 000,-.

5.7. Husleige omsorgs- og trygdebustader

I Holmedal og Askvoll er straum, kommunale avgifter og forsikring inkl. i husleiga. Husleiga for dei andre husværa er utan straum, men inkl. kommunale avgifter og forsikring. Satsane pr. måned vert då slik:

Holmedal kr 8 017,-
Askvoll kr 8 388,- Døgnopphald kr. 275,- pr døgn i omsorgsbustad
Bulandet kr 7 020,-
Værlandet kr 7 020,-

Bufellesskap – husleige kr. 6 596,- + fellesutgifter kr. 1 058,- pr. måned og utgifter til mat kr. 4 567,- pr. måned. Betaling for praktisk bistand: etter inntekt.

Bebuarar i bufellesskap skal ikkje betale for kost dersom dei er heime/innlagt på sjukehus meir enn 7 døgn samanhengande.

Leige av **stove** i Holmedal eldresenter og Storstova i Askvoll: kr. 188,- pr. dag/kveld

Leige av **stove og kjøkken** i Holmedal eldresenter og Storstova i Askvoll:

kr. 560,- pr. dag/kveld

Leige av **stove og kjøkken** i Bulandet eldresenter/ Værlandet Bygdetun:

kr. 188,- pr. dag/kveld

5.8.Askvoll legesenter

	Pris
Konsultasjon hos lege, dagtid	160,-
Tillegg for spesialist , dagtid, gjeld også for telefonkonsultasjon	52,-
Telefonkonsultasjon	212,-
Tillegg blodprøve/sendepørve/celleprøve	59,-
Enkel konsultasjon (resept, blodprøve, fjerne sting, injeksjonar, sårbehandling, urinprøve	58,-
Utstyr til gynekologisk undersøkning Elastiske bind	63,-
Utstyr til spirometri og EKG Utstyr til prøvetaking frå livmorhulen Utstyr til rectoscopi/anoscopi med lyskilde Materiell ved sårskift, salvekompresser, bind, sterile kompresser etc	95,-
Materiell ved mindre kir. inngrep, herunder suturmateriale, bedøvelsesmiddel, bandasjemateriell og øvrig forbruksmateriell. Utstyr til kateterisering (eks. kateter) Glucose til belastning. Cryobehandling	134,-
Materiell ved større kirurgiske inngrep, herunder suturmateriale, bedøvelsesmidler, bandasjemateriell og øvrige forbruksmateriell. Materiell til behandling/skifting av større sår og skader	181,-
Attest1: Helseattest førarkort	450,-
Attest2: Helseattest offshore	2000,-
Attest5: Attest, legeerklæring som ikkje inngår i folketrygda/NAV/ Forsikringselskap sine satsar. Per time	1200,-
Attest6: Attest, legeerklæring som ikkje inngår i foketrygda/NAV/ Forsikringselskap sine satsar. Per halvtime	600,-
Skuleattester, vidaregåande elevar	60,-
Reisevaksinasjon – rettleiing v/lege	300,- pr 15 min + evt. vaksinekostnad
Påfyll vaksinasjon, influensavaksine etc. v/sjukepleier	100,- + evt. vaksinekostnad
Ekspedisjonsgebyr	59,-
Utlån 24 timars blodtrykksapparat	100,-
Utlån inhalasjonsapparat	100,-
Stivkrampe/Polio Boostrix	240,-

6. Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler (LAF)

6.1. Gebyr for konsesjons- og delingssaker

Gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker

KOM-004/12 Vedtak:

For handsaming av delingssaker etter jordlova § 12 og saker etter konsesjonslova vert gebyrsatsane fastsett som følgjande:

For delingssaker etter jordlova § 12, vert sakshandsamingsgebyret sett til kr 1200,-.

For saker etter **konsesjonslova** vert handsamingsgebyret sett til følgjande:

Sakshandsamingsgebyr **kr 1500** for følgjande saker der eit eller fleire av kulepunkta ligg til grunn i saka:

- Alle opplysningar er tilgjengelege i saka
- Konsesjonssaker som i stor grad er regelstyrte og med innarbeidd forvaltningspraksis
- Administrasjonen handsamar saka etter fullmakt

Sakshandsamingsgebyr **kr 4000** før følgjande saker der eit eller fleire av kulepunkta ligg til grunn i saka:

- Konsesjonssaker med større grad av kompleksitet
- Arbeidsomfanget med innhenting av opplysningar er betydeleg
- Sakene vert framlagde for politisk handsaming

Ut frå ovanforståande avgjer administrasjonen kva gebyrsatsen skal vere i den enkelte sak.

Gebyrsatsane vert gjeldande frå 01.01.2012.

6.2. Gjødseplanlegging:

Kr. 700,- pr. plan + kr. 100,- pr. skift.

6.3. Teknisk/økonomisk planlegging:

Kr. 400,- pr. time

6.4. Fellingsløyve – Hjort

Voksne dyr kr. 400,-

Kalv kr. 100,-

7. Festeavgift av gravplassane i Askvoll kommune

KOM-070/15 Vedtak:

- Festeavgifter for graver på kyrkjegardane i Askvoll vert sett til kr.150,- pr. grav pr. år.
- Feste av grav for graver inntil 30 år (for urnegraver inntil 20 år-) etter sist gravlegging vert sett til kr.0,-
- Feste av grav eldre enn 70 år etter sist gravlegging vert festeavgifta kr. 225,- pr. år.
- Utanbygdes gravlegging kr. 6000,-, utanbygdes urnenedsetting kr. 2000,-.

Endringane trer i kraft frå 01.01.2016

Andre gebyr

7.1. Gebyr sals- og skjenkeløyve

Frå 01.01.2021 gjeld følgjande satsar ([Jfr. Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk – kap.6](#))

Sal:

- 0,22 kr. pr. vareliter for alkoholhaldig drikk i gruppe 1

Skjenking:

- 0,50 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikk i gruppe 1
- 1,32 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikk i gruppe 2
- 4,36 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikk i gruppe 3

Løyvegebyret utgjer pr. år **minimum**:

- 1.740,- kr for sal
- 5.400,- kr for skjenking
- 390 kr. pr gong for ambulerande skjenkeløyve

For å avlegge kunnskapsprøve, herunder òg forsøk på å avlegge, takast eit forskotsgebyr på kr. 400,-.

7.2. Kopiering, laminering og papir

FOTOKOPI – SVART/KVITT	
A4-format svart/kvitt, pr stk	Kr. 3,-
A3-format svar/kvitt, pr stk	Kr. 5,-
Dokument i pågaande saker	Gratis
Kopi av gamle saker/teikningar, svart/kvitt	Som pris for A4- og A3-format
FARGEKOPIAR	
A4-format, pr stk	Kr. 5,-
A3-format, pr stk	Kr. 10,-
Kopi av gamle saker/teikningar	Som pris for A4- og A3-format, farge
Frivillige lag og organisasjonar får 50 % rabatt på prisane over.	
LAMINERING	
A4-format, pr stk	Kr.10,-
A3-format, pr stk	Kr.15,-

7.3. Rekneskap

Purregebyr på rekningar, pr. puring – kr. 35,-*

Forseinkingsrente – 8 %*

*fastsett av finansdepartementet

7.4. Alden hamneområde – avgiftsregulativ og sakshandsamingsgebyr

Alden hamneområde er oppretta for å ivareta deltakar-kommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn. Farvassavgifta gjeld for Alden Hamneområde (Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Kinn (farvatnet sør for Bremanger) og Sunnfjord) innafør området kommunen har planmynde etter plan- og bygningslova. Avgifta vert krevd i samsvar med lov om hamner og farvatn § 9 og §25, og skal godkjennast av by- og kommunestyra i dei respektive kommunane kvart år.

Satsane i avgiftsregulativet for 2021 er gjeldane frå 01.01.21 til 31.12.21. Satsane er eks mva.

FARVASSAVGIFT 2021 (tidlegare anløpsavgift)

Med dei unntaka som er nemnd nedanfor, skal alle fartøy som anløper hamneområdet betale anløpsavgift etter følgjande satsar, per anløp: **Kr 0,14/bt.**

Farvassavgifta skal betalast per anløp i hamna. Ved gjentekne anløp innafor same kalenderdøgn skal avgifta berre betalast ein gong per kalenderdøgn. For farty som hyppig anløper hamneområdet sitt forvaltningsområde kan hamneadministrasjonen fastsette års- og månadsavgifter.

Dersom krav om farvassavgift etter denne forskrifta er openbert urimeleg får hamnestyret i Flora Hamn KF delegert mynde til å i dei enkelte tilfelle bestemme at farvassavgifta skal bortfalle eller reduserast.

MINSTEAVGIFT er kr 200,-

Følgjande farty er fritaken frå farvassavgift

1. Fartøy som betalar særskild hamnevederlag.
2. Små fartøy under 15 meter.
3. Bergings- og isbrytarfarty i høve berging og isbryting.
4. Orlogsfarty, norske og utanlandske.
5. Kystverkets fartøy i høve med arbeid i farvatnet.
6. Redningsselskapet sine skøyter
7. Fartøy som anløper hamn på grunn av skade eller nødstilstand og fartøy som ikkje lastar, lossar eller tar om bord passasjerer.
8. Veteranfartøy som ikkje driv næringsverksemd.

RABATT

- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på farvassavgifta.
- Fiskefartøy heimehøyrande i sjøområdet til Alden hamneområde får tilbod om ei fast årsavgift på kr. 3 000,-.
- Kystruteskip i rute (kystruteavtale med samferdselsdepartementet) får ein ekstra grupperabatt på 65 % på farvassavgifta per anløp

*Kan ikkje kombinerast med andre rabattar.

Miljørabatt

- For skip registrert i ESI (Environmental Ship Index) vert satsane senka på bakgrunn av på førehand innsendt ESI-sertifikatet – innanfor sertifikatet sin gyldigheitsperiode.
ESI Score: 25 – 49 poeng: 10 %
ESI Score: 50 – 74 poeng: 20 %
ESI Score: 75 poeng og høgare settast satsane ned med 40%
- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan og har ein ESI score høgare enn 50 får 40 % rabatt.

Samla kan rabatten på anløpsavgifta ikkje overstige 40 %.

Ansvarsforhold og straffeansvar

Ansvarsforhold og straffeansvar Reiar er ansvarleg for betaling av farvassavgifta. Skuldig farvassavgift er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved sein betaling av farvassavgifta må det betalast forsinkelsesrente etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m. Krav som Flora hamn har mot reiar har panterett i skipet etter reglene om sjøpanterett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova). Manglande avgiftsbetaling medfører straffeansvar. Flora hamn KF kan krevje at reiar eller agent skal stille økonomisk tryggleik for betaling av farvassavgift, ref. hamnelovens §40.

ALDEN HAMNEOMRÅDE - SAKSHANDSAMINGSGEBYR 2021

Tiltak som handsamast etter søknad

- Enkle saker: Saker med god og tydeleg informasjon med rask avklaring. Krev opptil tre arbeidstimar. **Kr. 2000,- eks. mva pr. søknad.**
- Større saker: Saker som krev ytterlegare handsaming pga kompleksitet, saker som er mangelfulle der informasjon må etterlysast, saker som krev synfaring. Krev over tre arbeidstimar. **Kr. 4100,- eks. mva. pr. søknad.**